

Dykkar ref.:

Vår ref.:26.2014/AKR

## **Rapport:**

### **Prosjekt: Industridokumentasjon - eit tverrfagleg dokumentasjons- og formidlingsprosjekt om produksjonsprosessen ved Dale garn**

**Vi takkar Hordaland Fylkeskommune for støtta til dokumentasjonen av Dale garn, hausten 2014. Vedlagt ein rapport etter fullført dokumentasjonsprosjekt.**

Dale garn var ein viktig arbeidsplass i Vaksdal i over 130 år og ein viktig næringsaktør lokalt, og i Hordaland. Dale garn er eit godt døme på ein av dei mange tekstilbedriftane som har vore i fylket. Dale garn vart kjøpt opp av Gjestal AS årsskiftet 2013/ 2014 som avvikla drifta på Dale garn hausten 2014.

#### **Prosjektet hadde som mål å:**

- 1) dokumentere heile produksjonslinja via film og foto
- 2) gjennomføre arbeidslivsintervju
- 3) lage ein formidlingsretta film til bruk på museet.
- 4) samle inn relevante manualar
- 5) samle inn relevante samlingar
- 6) samle inn historiske foto

Prosjektet har gjennomført dette, og all arbeid knytt til dokumentasjon via film er utført av Pandora film. Dei har dokumentert heile produksjonslinja slik den var i 2014. Dette gjorde dei i tett kontakt med tilsette ved Dale garn som har vist og forklart prosessane under filminga. Tilsette ved museet var også tett involvert i denne prosessen. Vi har i dag råfiler av film på fleire timer i vårt arkiv, som nå er tilgjengeleg for dei som skulle ønskje å ta dette i bruk.

Av råmaterialet laga Pandora film ein formidlingsretta film på om lag 7 minutt med ein klar dramaturgi. Dette vart gjort i tett samarbeid med tilsette ved Norsk Trikotasjemuseum. Filmen viser vil til publikummet som besøker museet. Dale of Norway har også tilgang til denne filmen.

All fotodokumentasjon er utført av fotokyndig personale ved Norsk Trikotasjemuseum, og desse er også tilgjengelege hos oss. Vi tok fleire hundre foto av produksjonslinja og lokala.

Vi har vidare gjennomført 12 intervju av tidlegare ansatte som har jobba i lengre periodar ved fabrikk, og på ulike stader i produksjonslinja. Vi har intervjuja både kvinner og menn.

Vi har samla inn omlag 40-50 historiske foto, manualar og gjenstandar som vil gå inn i samlinga ved museet.

Dessverre finst det ikkje noko arkiv igjen frå driftsperioden.

**Vi takkar igjen for støtta og ser fram til eit vidare samarbeid. Under ser dykk rekneskapen**

## KOSTNADER:

Pris Pandora film:

Forarbeid, produksjon i 2 dagar og etterarbeid	kr	92 850,-
Arbeidstid fagtilsette ved Norsk Trikotasjemuseum:		
4 fagpersonar før og underproduksjon på Dale, samt reisekostnader	kr	21 000,-
4 fagpersonar Norsk Trikotasjemuseum etterarbeid	kr	20 000,-
SUM kostnader	kr	133 855,-

## INNETEKTER:

Gjestal garn	kr	20 000,-
Eigeninnsats Norsk Trikotasjemuseum	kr	63 855,-
Hordaland Fylkeskommune	kr	50 000,-
SUM inntekter	kr	133 855,-

Med helsing

Ann Kristin Ramstrøm

Leiar

Norsk Trikotasjemuseum, ei avdeling i Museumssenteret i Hordaland